

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 64.

Nord-Trøndelag.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Grong.

Emne: Død og begravelse.

Bygdelag: Namdalen.

Oppskr. av: Martin Bjerken.

Gard: Bjerken.

(adresse): Øyheim.

G.nr. 2. Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. AV eige røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
87 år heimstad Bjerken i Grong, kårmann.

SVAR

Når eg skal ta til å svara på spurgsmåla i spørresjemaet 64, må eg med ein gong gjera den merknad, at her i bygda har det ikkje vore so mange skikkar, når nokkon døyde, ~~her i bygda~~ som ein etter spørresjemaet må tru, at det kan ha vore i andre bygdelag i landet vort. Om det har vore so, er det so gamalt at ingen no minnest å ha høyrd det omtala. Sjølv sakt kan det ha vore nokko også her, men det kan ikkje ha vore likt det som ein etter dei ymse spørresjemaer må tru, at det har vore i andre bygdelag. Det kan tenkjast, at prestane har mislikt eit og anna med bygdeskikkane og har prøvd å få ein slutt på det, som dei fann kunde vera mindre sømmeleg av dei gamle skikkane. Og so har skikkane vorte som dei er idag. Dei svara eg kjem med vert mest det eg sjølv minnest frå 1870 åra og dei små briøde som det gjennom åra er gjort, er skikkane i Namdalen som i andre bygdelag som vi kan kalla nabobygder.

Dødsvarsler.

At folk fekk slike varsler om nokkon i heimane kom til å døy i året, høyrde eg lite om. Det fandst dog dei som kunde fortelja, at dei hadde høyrd og set

det og det, som dei trudde på som varsel om, at nokkon i huslyden kom til å døy snart, men dei nemnta det ikkje fyrr ette, at nokkon var avliden, og det var gjerne dei, som ellers vart rekna som yver truiske. Det vart sakt t. d. om nokkon kom tilgards og sa velsign spis med det samma at folk skulde til å gå frå bordet, at han var feig, og det er truleg nokko som har henge att frå gamal tid, men so langt attende som eg mins, vart det sakt mest som spøk, og folk trudde ikkje på det. Nokko anna fegdavarsel minnest eg ikkje at eg hørde ^{om} og det var det vist ikkje heller millom folk, som ikkje trudde på overnaturlege ting.

Dødsleiet.

At det var nokko bestemt rom i huset, der ein vart flytta til, når det leid mot slutten, var ikkje skikken her. Ein døyde i den senga og i det rommet, der ein hadde hatt som sengjerom i sitt levande liv. At det vart flytta på innbu i rommet når ein såg, at det leid mot slutten med den sjuke vart neppe gjort. Heller ikkje har eg høyrd om, at det var nokkon ting som letta eller forverra døds kampen for den døyande. At nokkon avborna åt den døyande heldt han i handa mot slutten var det vist, men at det ^{var} nokkon skikk, trur eg ikkje at det var. Når den døyande sjølv vilde ha sakramente innan han døyde, vart det sendt bud etter presten. Då var heile huslyden samla i rommet åt den døyande. At den døyande bestemte eit og anna med korleids gravferda skulde ordnast, var det vist fleire som gjorde. Han kunde ogso bestemme yver andre ting korleids ^edt skulde ordnast etter honom fyrr ha døyde. Dette gjaldt mest matrielle ting.

Tiden mellom dødsfallet og begravelsen.

Når nokkon døyde og det skulde forteljast vart mest sakt, at no har N.N. vorte fri. Men det vart ogso sakt, at han eller ho "hidoi". Det kunde ogso bli sakt af han eller ho hi slutta opp eller liknande nemningar. For å vera viss um at ein var død prøvde dei med å kjenna på pulsen om han var stansa, og so kunde dei halda eit speil framom munnen, på den avlidne og duggast ikkje speilet, var ein viss om, at livet var borte. At nokkon var skinndød har ein aldrig høyrd nemnt. Når nokkon døydde vart liket alltid stelt fyrr det stivna til. Dei la igjen øynene fyrst, og so la dei ei songbok unner haka på den avlidne, eller dei batt eit binn kring hovudet for å få munnen til å halda seg igjen. Fyrr ein fekk telefon i bygderna, vart nokkon sendt åt slektningar og naboar for å fortekja om hendinga, og so måtte dødsfallet meldast åt lensmannen, som igjen sende melding åt presten. Det var vist husfaren eller nokkon annan av huslyden som sende denne meldinga og ikkje beamannen. Husdyra fekk aldrig nokko melding om eit dødsfall her i bygda.

Når liket var stivna til vart det vaska og flytta ut av dødsrommet. Det var mykkje godt, at liket vart flytta åt staburet, der det vart lakt på eit bord. Det var vist på dei fleste stader, at dei hadde eit serskild bord til dette. At dei hadde halm unner liket, har ein ikkje høyrd. Halmen i senga der den døydde hadde ligget (likhalmen) vart alltid brent. Men at dei brente gangklærne som den avlidne hadde brukt, har ein ingen kjndskap til. At dei brente nokko anna som høyrde den avlidne til er ikkje kjendt. Men det er truleg,

at det etger smitsom sjukdom vart brent klær og seng-
klær, som den avlidne hadde brukt. Sosnart ein fekk
gjort kiste åt den avlidne, vart liket lakt i kista og
etter at det var kledd gjorde dei ikkje nokko meir med
det. Med det samma at dei vaska liket vart håret stelt
og var det eit mannfolk, ^{vart} liket ogso barbert. At likvat-
net vart brukt som medisin, har ein aldrig høyrd nemnt.
Likklær.

Namnet likklær vart brukt og det namnet vert
brukt ogso no. Men dei kunde ogso bruka svøp, som var
eit lakan so stort eller nokko større enn eit senge-
lakan. Men i den eldre tid var det nokko vandt å skaf-
fa seg slikt og vart vist skjeldan brukt. At brudela-
kanet vart brukt er ikkje kjendt, og ein tvilar på det.
Liket fekk reine og heile unerklær som hadde høyrd den
avlidne til og so likklæderne som ytterklær. At det
vart brukt brudgomsjorta og brudelinedet til unnerklær
på liket, trur ein å ha høyrd, men det var vist berre
åt dei som hadde hatt råd til å gjøyma på dei. At dei
i den eldre tid brukte likklær av lin er truleg, men
etter at bomuldsvaror kom i handelen, vart det kjøpt
bomuldstøy til likklær. At liket låg med føterne syn-
lege har ein ikkje høyrd nemnt. Og heller ikkje at
liket låg med sokkar og sko på seg. Heller ikkje har
ein høyrd, at eit lik hadde huve på seg, men det kan
vera å tru, at ei gift kvinna hadde svarthuva på seg,
når ho låg pynta som lik. At det var nokkon forskjell
på likklærne åt dei som var ong og dei som var gamal
veit ein lite om, men truleg er det, at når nokkon døy-
de i riktig ong alder og det var stor sorg, at dei pynta
liket på litt ekstra vis og helst når det var born

som var avlidne. Kjøpte likklær vert brukt no og har vore brukt i mindst 80 år. Og likkister vert ogso kjøpt no. Papir til likklæde vert vist ikkje brukt no, men ein shirting som dei kalla liksjirting. Svøp vert vist brukt no, men vist meir skjeldan. At det å ta i likklærne hjelpte mot sjukdom kjennes ikkje her. Heller ikkje at det skulde vera farleg. At dei bar born rundt likkista mot svek er like ukjendt her. At dei la mynt yver øyet på eit lik er ikkje kjendt her. Men at gamle folk fekk gjort likkista si medan dei var i live er kjendt ogso her i bygda. Om det vart brukt trenaglar til likkisterna veit ingen om her no. Til stropper på likkista vart det brukt taug. Det var bygdesnikkarane som gjorde likkisterna, og dei var alltid sort. Farga laga dei av limvatn og kjønrrøyk. No dei siste 30 a 40 åra har kistorna vore kvite. Nokkon åpning i kistelok-såg ein aldri. Som unnerlag i kista vart brukt høvlespon. Kva dei brukte til fyll i puta, veit ein ikkje, men truleg er det, at det ogso vart brukt høvelspon ogso i ho. Som nemnt vert kistorne kjøpt no og er kvitmåla. At den avlidne skulde ha nokko med seg i kista kjennes ikkje. Heller ikkje er det kjendt, at barselkvinner skulde ha barnetøy med seg i kista. Av pynt på kista i den eldre tid var det vist berre ein krans av bar eller tyttebærlyng. Å strø linfrø rundt kista er ukjendt, og det er ogso ukjendt, at dei la plantar på liket for å halda insekter borte. At dei gjorde nokko med liket for at den avlidne ikkje skulde ganga igjen er ogso ukjendt her. At nokon av slekt eller venner kom til ei andaktstunn, når liket vart

lakt i kista er ukjent. Uskikken med våkenat har ein ikkje høyrd om herfrå. Dersom det var summaren, og det gjekk fleire dagar innan likferda kunde haldast, ha dei ein stamp med vatn og bar i for å hindra, at liket gjekk i oppløysing for fort. At liket skulde ligja med beina mot døra veit ein ikkje, at det var nokkon regel for og heller kom ingen for å sjå liket før gravølsdagen. Kom der nokkon tilgards kunde dei sjølvstakt bli med for å sjå liket, når det var lakt i kista.

Sorg.

Det skulde vera stilt i garden medan liket låg heime, og dei som høyrde huslyden til tok på seg mørk klædnad for å visa, at dei hadde sorg. Sorgetida vara vist eit år og i den tida måtte ei ha på seg mørke klær, når ein gjekk i kjerka eller gjekk nokkon stad i bygda. I gravferda hadde alle svarte klær på seg både kvinnfolka og karfolka. Og dei som var ramma av sorga gjekk svartkledd meir enn eit år etter, at nokkon av huslyden var avliden. Men mest når det var nokkon av dei næraste som var gått bort for bestandig. At ei enke hadde ei særskild sørge-drakt såg ein ikkje. Å kunna vekja den avlidne til live igjen med gråt er det ikkje nokkor overlevering om, so det kan ikkje ha vore røyndom. Nokko slags rådbot mot sorja var ikkje kjendt, det ein veit.

Synge ut liket.

Ei likferd kunde vera både på ein sundag eller eller det kunde og vera på ein annan dag i veka. Her ei gravferd kalla "begravelse". På gravferdsdagen vart liket i kista bore inn i stova, der det vart sunge ein

salme og so vart liket bore ut av dei 6 berarane, som det skulde vera. So vart kista sett på ein slæde eller ein vogn som det hævde for årstida. Unner songen var lokket på kista fastskruva. At det vart brukt lys, når dei song ut liket er ikkje kjendt. Gråtekoner unner likferd har ikkje vore nemnt her i bygda, og våkenatt har heller ikkje vore nemnt her. At songane ved likferda vart songe på ein seregen måte er ikkje nemnt her frå bygda, og heller var ikkje presten tilstades ved likferda frå heimen. No derimot er alltid presten i heimen og held liktale ved gravferda. Men det er vist ikkje meir enn 50 år sidan den ordninga kom i bruk. Som songarar ved ei gravferd vart lærarane eller andre dugande songarar brukt, og det er skikken ogso no. / Dei drakk vist ei avferdskål i heimen fyr dei drog til kjerka, og det var ei dram brennevin. Den skåla drakk dei inne i huset etter at liket var bore ut. / Som bærarar tok dei 6 mann millom naboane, og no er det dei næraste slektningane helst sønnene åt den avlidne om han har so mange. Kvilesteinar var det ikkje her i bygda, då eit lik ikkje vart bore lange strekningar. Det var ikkje nokko i vegen for å setja kista på marka og når dei kørde kista til kjerkegarden, vart ho sett på ein vogn eller ein sleda ettersom årstida var. Til likhest vart brukt ein svart hest. Nokko serskildt med denne hesten var det ikkje anna enn, at den måtte vera køyresikker og roleg av seg, då det alltid skulde køyrast langsomt åt kjerka. Men når dei kørde heim frå kjerka, vart det køyrd fort. Det var gjerne ein vyrd mann i naboskapet, som kørde likvogna. Når det var lang veg åt kjerka, hadde han ein knakk han satt på, men det var

117
118

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

ingen annan som satt på likvogna. At dei etterlevende hadde nokko merkje på om den avlidne vart salig, har ein ikkje høyrd nemnt her. Det kan tenkjast, at folk dømde den avlidne etter som han hadde vore i livet.

På kirkegården.

Når likferda kom til kirkeporten, var det bærarane som lyfta kista ned frå vogna. Dei bar kista til kanten av grava og senka ho ned i grava med taug som var ordna til det bruk. Presten møtte ved kirkeporten og gjekk fremst i fylgjet mot grava. Songarane gjekk framfor alle andre og song eit vers av ein liksalme. Her var det skikken og er det enno, at når dei frå kirketårnet sjer likfylgjet, ringes det med klokkerne til fylgjet stanar ved kirkeporten. Kisten vart ikkje båret rundt kjerka og heller ikkje rundt grava. Kista vart ikkje bore inn i kjerka i den eldre tid, men no vert det gjort, og det ritualmessige fær si avslutning.

Graven.

Fast gravar fekk bygda omlag 70 år sidan. Fyrr den tid leigde ein kvensomhelst til å kasta opp grava. Men når grava skulde kastas igjen, var det mannfolket i likferda som gjorde det. Når det høvde slik, at presten ikkje var tilstades ved jordsetjinga, sette dei ein stolpe ned på kista, so det vart eit hol gjennom jorda ned på kista. Denne stolpen stod til presten kunde jordfeste liket. Då vart stolpen teke opp, og dei 3 skufler jord kasta ned gjennom holet. Pynten av ei grav var det slektningarne som tok seg av. Til dei store høgtider vart det gjort, og kransar av bar, lyng eller blomster lakt på grava.

1661
1808

Særlehe tilfeller.

Om nokkon tok livet av seg sjølv, fekk liket hans ikkje rom på kjerkegarden utan løyve frå myndihei-tena. Korleids det ellers vart gjort ved slike høve, veit ein ikkje for vist anna enn, at dei fekk grava si utanfor kjerkegarden. Udøpte born fekk si grav som andre, men det har vore fortald, at dødfødte born vart lakt inn unner kjerka gjennom åpningar i muren.

Gravøl.

Gravølet vert her i bygda kalla Likfal. Til likfalla vart grannan beden, og om det var nokkon ser^{skild} bedemann veit ein ikkje. Det var i allfall nokkon av slektningarna som bad til gravølet. Bemannen skulde ha sjenk der han for. Gravølet vara gjerne i to dagar og der var tre matmål kvar dag. Nokkon skilnad i maten om den avlidne hadde vore gift eller ogift, var det ikkje det ein veit. Dei som varta opp i eit gravøl var leigd folk, då slektningane skulde vera fri då. Skikken med sending frå grenda til gravølet, var det ogso her. Den skulde berast fram kvelden fyrr gravølet, og det var tenestgjentona som bar fram sendingen. Dei måtte vera svartkledd. Dei skulde ha sjenk, når dei kom til gravøls garden med sendinga. - I gravøla i den eldre^{tid} var det ikkje så lite bruk av alkohol. Det var gjerne ein dram åt mannfolka når dei kom, og ein dram var det før dei for åt kjerka og etter gravølsmiddagen, var det pons (toddy) og åt mange vart det vist i meste laget. Det vart alltid brygja maltøl til slike gjestebod som gravøl, men maltølet her var aldri så sterkt brygga, at det vart rusdrykk av det. No i den seinare tid er det

slutt med konjakken og med maltølet, og det vert brukt pils som drykk til maten. Det er ogso slutt med sendingane som dei var frå gamal tid. No sendar ein ei romkake som sending. Skikken å senda kransar er gamal, men dei fyrste kransar var lyngkransar med papirblomster alt heim laga. No vert kransane kjøpt frå forretningar som driv og laga dei. Når det gjeld skikkane ved gravferdane her i bygderna er dei stort sett, etter moten som rår yveralt i den lei. Der det er hoteler i bygda, vert det av og til ordna med begravelsesmiddag på ho hotel. Men mest vert middagen halde i heimane.

Å avertera eit dødsfall i avisa skriv seg frå at ein fekk lokalblad i landsdelen, som er frå 1870-80 åra. Fyrr den tid vart eit dødsfall gjort kjendt ved bodsending og skriv.

Det må ikkje gløymast å nemne at når liket skulde syngjast ut sette dei klokka og var eit speil i stova vart det hengt over det med eit lite teppe som var stort nokk til heil dekning av speilet. Den skikken gjeld den dag idag.